

September 2021

# Samhandlingsnytt

Kjære lesar

Helse Førde og kommunane har eit felles ansvar for å levere gode og samanhengande helse- og omsorgstenester. Helsefellesskapet for Helse Førde og kommunane skal vere ein samarbeidsarena mellom partnarane. Her skal vi saman planlegge og utvikle tenestene, både kva gjeld overordna prinsipielle og strategiske avgjerder og faglege beslutningar. I helsefellesskapet vårt er målet å utvikle gode pasientforløp som fagnar om heile pasientens forløp i helse og omsorgstenesta. For å få til dette må vi involvere kvarandre i planlegging og utvikling av tenestene våre. Dette vil bli eit viktig satsingsområde i den komande tida.

## Droneprosjekt – frå eit samhandlingsperspektiv

«Droner for effektivisering av Helse Norge» er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Vest og droneoperatør Airlift Solutions AS. Saman ser dei på moglegheitsrommet for å nytte drone til frakt av biologisk materiale og legemiddel.



## Kontakt

### Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

[www.samhandling-sfj.no](http://www.samhandling-sfj.no)

### Kontaktperson

[Marte Ulltang](#),  
Samhandlingssjef Helse Førde

## Månadens nyhende

**Fyste partnarskapsmøte mellom Helse Førde og kommunane blei halde 15. september.**

Partnarskapsmøte er det nye namnet på det som fram til no har vore dialogmøte. Her vil politiske tillitsvalde i kommunane og styret i Helse Førde møtast til dialog for å forankre overordna retning og drøfte prinsipielle saker.

Hovudtema i møtet 15. september var «Felles mål og rammer for arbeidet i vårt nye helsefellesskap». Andre tema i møte inkluderte «Nye Førde sjukehus», «Nye Vestland fylke og endringar i regionsstruktur», «Tenester til born og unge innanfor psykisk helse», og «Betre felles planlegging».

Per i dag vert blodprøvar, legemiddel og prøvetakingsutstyr frakta frå legekontor til sjukehus med budbil, buss og taxi. Mangel på standardisering gjer samlokaliseringa utfordrande, og arbeidskvardagen hektisk både på legekontor og sjukehus. For pasienten følger gjerne lang ventetid på prøvesvar, samt ugunstige tidspunkt for prøvetaking. Ved innføring av ei dronelogistikk-løysing, meiner dei to partnerane i prosjektet at sendingane av prøvemateriell og legemiddel skal gå raskare, sikrare og oftare, slik at både sjukehus og legekontor kan fordele arbeidet med prøvetaking og analysering over heile arbeidsdagen. Pasientane vil få meir gunstige tidspunkt for prøvetaking og tidlegare svar. Målet er å bidra til ei betre helseteneste for både pasient, pleiar og pårørande, og ein betre arbeidskvardag for alle involverte.

### Utviklingsplan Helse Førde – status og framdrift

Opphavsleg frist for å sende revidert utviklingsplan til Helse Vest var 31.12.2021. I Helse Vest sitt direktørmøte 13. september 2021 vart det bestemt at fristen er utsett til 1. mars 2022. Grunnen er at det vert jobba med analysemodellar både nasjonalt og regionalt. Desse vert tilgjengelege for helseføretaka hausten 2021. Analysemodellane skal samanstillе aktivitet og befolknings-framskriving. Det kan difor kome nye bestillingar med bakgrunn i framskrivingane.

### Siste nytt frå



#### Felles Brukarutval

Felles brukarutval (FBU) mellom Helse Førde og kommunane hadde lunsj-til-lunsjmøte på Choice Hotel i Sogndal 20.-21. september.

Kommunane i Sogn vart inviterte til å delta den andre dagen. Invitasjonen gjekk ut til politisk og administrativ leiding og til eldreråd og brukarutval i kommunane. Føremålet var å få til dialog/ erfarings-utveksling mellom FBU og kommunane om brukar-medverknad, samhandling og om korleis FBU best kan følgje opp rolla si som felles brukarutval. Erfaringane etter møtet var positive.

FBU vil følgje opp

*Feller brukarutval mellom Helse Førde og kommunane*

tema med tilsvarande møte i Sunnfjord og Nordfjord i 2022.

### Digitalt utanforskap

Helse Noreg blir meir digitalisert. Dette skaper nye og spanande moglegheiter. Samtidig bidreg det til nye forventningar om kva befolkninga treng av digital helsekompetanse for å ha tilgang på tenester og ytingar dei har rett på.

30. september arrangerte e-helse Vestland ein kick-off i Bergen med tema «Digitalt utanforskap». Samuel Massi og Bestefar (Arne Ulvolden) var blant dei som heldt innlegg om dette viktige temaet.

Tema «Digitalt utanforskap» er eit viktig satsingsområde for e-helse Vestland og ei sentral utfordring for samfunnet. Problemet går på tvers av både alder og kjønn, men er særleg utfordrande for dei aller eldste. Studiar gjennomført av Kompetanse Noreg viser at omkring 14 prosent av befolkning i landet har avgrensa digitale evner.

Les meir om tema på e-helse Vestland sine heimesider [HER](#).

## Helsefellesskap

Helsedirektoratet har fått rolla med å fasilitere eit nasjonalt nettverk for helsefellesskap. Første møte vart arrangert digitalt 17. juni. Eitt av hovudmåla med dette nettverket er erfaringsdeling.

I første møte var det ein rask presentasjonsrunde av alle helsefellesskapa. [HER](#) kan du sjå presentasjonane frå alle dei 19 helsefellesskapa. I kvart nettverksmøte vil det vere høve til å melde inn tema til drøfting og erfaringsutveksling. Innmelde tema til det første nettverksmøtet var fastlege- og brukarrepresentasjon.

## Fagråd og koordineringsråd

Fagrådet mellom Helse Førde og kommunane vart avlyst i september grunna få innmelde saker. Innmelde saker vert overført til fagrådsmøte i november.

Koordineringsrådet i september vart avlyst grunna fråfall av deltakarar. Sakliste vert overført til koordineringsråd i desember. Dette møtet vil ha utvida møtetid.

## Taktisk samhandlingsgruppe

[Taktisk samhandlingsgruppe](#) har hatt to møte i september. Kvart møte vert innleia med statusoppdatering frå kommunane og Helse Førde. Tema denne månaden har blant anna vore testkapasitet, korleis organisere dose 3 for immunsupprimerte pasientar, TISK-strategi, testing ved innlegging og testing av pasientar før utskrivning til pleie og omsorgsteneste. Fullstendige referat frå møta finn du [HER](#). Helse Førde og kommunane vil halde fram og møtast annakvar veke så lenge det er innmelde saker.

## Praksiskonsulentane



Praksiskonsulentane prioriterer høgt å gjennomføre møte med ulike avdelingar i Helse Førde. Her møter dei avdelingsleiarar og andre sentrale

behandlarar og samarbeidspartar inn mot fastlegane. Nytt møte med røntgen, barn og psykiatri står for tur, og dei er også i dialog med gyn. Alle praksiskonsulentane deltek i desse møta. Elles er praksiskonsulentane som vanleg godt involverte i ulike prosjekt – og bidreg med viktige innspel til samhandlinga mellom helseføretaket og fastlegane. [HER](#) kan du lese meir om siste nytt frå PKO. Praksiskonsulentane held også månadlege møte med samhandlingssjef i Helse Førde og interkommunal samhandlingskoordinator for å drøfte aktuelle samhandlingssaker.